

Bråtebrenning i Årdalen

I påskeveka våga vi oss til med bråtebrenning i Årdalen. Alt var avtalt på korrekt måte med brannvernet, og vi hadde også fått lånt utstyr med dei for å «holde kontrollen».

Det var Jan og Terje som «var i elden» denne gongen. Taktikken var å la det brenne ovanfrå og nedover til vi hadde eit tilstrekkelig belte avbrent. Deretter kunne vi sleppe elden meir laust. Dette gjekk over all forventning, og vi fekk avsvidd mykje einstape og tørrgras.



Sjølv om det har vore ein lang tørkeperiode, var det ikkje like enkelt å spreie elden alle plassar. Likevel skulle det no ligge godt til rette for grøne bøar i Årdalen.



I tillegg fekk vi rydda vekk skrotmaterial etter riving av den gamle kledninga. Materialen vart frakta ned til fjøra på presenning, og er klargjort for eit skikkeleg bål når vertilhøva tillet det.

På bilde til venstre tek Jan, Per Arne og Doris ei velfortent rast med kaffi og «noko attåt».

14.4.2013 - th